



Hordaland fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga

Hjeltnes 10.09.2014

### **Vg1 naturbruk ved Hjeltnes vidaregåande skule 2015- 2016.**

På grunn av manglande søknad vart Vg1 naturbruk ved Hjeltnes vidaregåande skule ikkje sett i gang skuleåret 2014-2015.

Skulen ber om at Vg1 naturbruk vert oppretta for inntak våren 2015.

#### **Grunngjeving:**

Vg1 naturbruk er rekruttering for Vg2 anleggsgartnar. Det er stor etterspurnad etter lærlingar innan anleggsgartnarnæringa. Skulen har dei to siste skuleåra dobla elevtalet innan Vg2 anleggsgartnar. Til Vg2 anleggsgartnar og idrettsanleggsgartnar kan ein koma inn både med Vg1 naturbruk og Vg1 bygg- og anleggsteknikk. Dei siste åra har me hatt størst andel frå Vg1 bygg og anleggsteknikk. For næringa er det viktig at me og får rekruttert inn elevar som har den grønne bakgrunnen og interessa. Det er «den grønne biten» som gjer anleggsgartnaren spesiell og med ein kompetansekombinasjon som er unik.

Vg1 naturbruk er den klassen me kan rekruttera ungdom til frå ungdomsskulane i distriktet. Det er viktig for skulen å oppretthalda kontakten og samarbeidet med desse skulane.

Vg1 naturbruk på Hjeltnes har ofte hatt fleire særskiltsøkjarar som har gått i ein liten, men ordinær klasse og som har lykkast. Mange elevar har behov for eit mindre miljø som er oversiktleg og der det er lett å knyta kontaktar med fleire vaksne og der alle elevane kjenner kvarandre.

Voss jordbruksskule har ikkje lenger tilbod om internatplass inne på skuleområde og dei vil i 2015-2016 enno vera inne i ein byggeperiode. Tilbodet på Hjeltnes kan difor vera aktuell for elevar som tidlegare søkte seg til Voss.

Skulen er på eit minimum når det gjeld elevtal og tal klassar. For å halda på kompetansen blant lærarane er det svært viktig at me kan få til Vg1 naturbruk klasse neste skuleår. Det vil og vera vanskelegare å oppretthalda to klassar med anleggsgartnarar til neste år då me ikkje kan rekruttera frå eigen Vg1 naturbruk. Utan Vg1 naturbruk kan me då risikera å sitja att med 2 klassar.

Gjennom «Mulighetsstudiet» jobbar skulen med fleire utviklingstema, m.a. etablering av ei skogbruksutdanning på Hjeltnes. Dersom dette vert ein realitet vil Vg1 naturbruk kunna rekruttera til Vg2 skogbruk. Denne klassen kan opprettast allereie i 2016/2017.

Vedtaket i skulebruksplanen seier at skulen skal vera ein sjølvstendig skule og drivast som før fram til 2016, d.v.s til og med skuleåret 2015/2016. Ingen tilbod vart lagt ned.

Elevtalet på Vg1 naturbruk har dei 5 siste åra vore slik:  
09/10 – 8, 10/11 – 7, 11/12 – 12, 12/13 – 6, 13/14 – 10.

Mvh  
Gunnbjørg Øyre - rektor